



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no

Møteprotokoll

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Tysdag 19. mars 2019
Møtetid: 19:10 – 21:40
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Desse møte:

Svein Løwe, Oddmund Varhaugvik, Inga Sølvi Korsvik Melby, Anja Helen Otterlei, Geir Ove Tangen, Audhild Mork, Ingunn Hjelmås, Eva-Beate Opskar Nybø, Kristian Finn Risung

Vidare møte:

Frank Harald Vestad som sekretær (kyrkjeverje)

Forfall meldt:

Mette Myrseth Oterhals, Jan Magne Breivik og Gro Merete Hoksnes
(Eva-Beate Opskar Nybø, Berit Marie Sporsheim og Geir Ove Tangen innkalla som vara)

Permisjon:

Inger Kristine Kjellnes

Innleiingsord: Audhild Mork

SAKSLISTE

Godkjenning av innkalling

Godkjent

Godkjenning av sist møtereferat

Godkjent

SFR 03/2019: Rekneskap 2018 og budsjett 2019

Foreløpig rekneskap for 2018 vart framlagt for AU. Det ventast at rekneskapsavdelinga på kommunen blir ferdig med årsrekneskapen til komande SFR-møte, og det endelege rekneskapen blir da lagt fram. Det vart også informert om frå kyrkjeverja om at budsjettet som var utarbeidd og budsjettert med overføring frå prosjektmidlar, måtte korrigerast da ein ikkje får overført prosjektmidlar vedr vedlikehald av altarringen som blei postert til driftsrekneskapen. Nytt korrigert budsjett blir også framlagt til SFR. Når det gjeld rekneskap hittil i år, er ikkje rekneskapsfører ajour med dette enno.

Sjå vedlagde dokument.

Innstilling frå AU

Det endelege årsrekneskapen for 2018 samt korrigert budsjett for 2019 blir lagt fram til godkjenning, og det må vedtakast korleis vi skal disponere meirforbruket (underskotet).

Forslag frå SFR

Rekneskap: Soknerådet gjer ein disponering på meirforbruket ved å inndeke dette frå ubundne fond som disponeringsfond og festeavgiftsfond. Vi brukar først av det ubundne disponeringsfondet og deretter av det ubundne fond for festeavgifter. Dette tilbakeførast rekneskapsmessig ved eit seinare mindreforbruk.

Budsjett: Telefongodtgjering skal inn i budsjett. Det må rettast opp post 37800 i ansvar 2100 som er ein dobbelføring frå post 38600 i ansvarsområde 2000. Korrekt budsjett framleggjast ved utsending av møteprotokollen.

Vedtak rekneskap 2018 frå SFR:

Årsrekneskapen for 2018 vert godkjent som framlagd.

Vedtak budsjett 2019 frå SFR:

Vedr disponering av meirforbruket i 2018:

Soknerådet gjer ein disponering på meirforbruket ved å inndeke dette frå ubundne fond som disponeringsfond og festeavgiftsfond. Vi brukar først av det ubundne disponeringsfondet og deretter av det ubundne fond for festeavgifter. Dette tilbakeførast rekneskapsmessig ved eit seinare mindreforbruk.

Telefongodtgjering skal inn i budsjett. Det må rettast opp post 37800 i ansvar 2100 som er ein dobbelføring frå post 38600 i ansvarsområde 2000.

Budsjettet for 2019 vedtakast med føresetnad om at nemte endringar og korrekt budsjett framleggast ved utsending av denne møteprotokollen.

SFR 04/2019: Endring møteplan og lokasjon for møter

Det vart i førre SFR-møte kommentert og sett fram ønske om å endre på nokre møtedatoar, og spørsmål om nokre av møta skulle leggast til Julsundet, og dette skulle leggast fram på neste SFR-møte.

Sjå vedlegg.

Innstilling frå AU

SFR vedtek møteplan og ev. kva for møter skal leggast til Julsundet.

Det foreslås å sette SFR-møte den 14. mai til Julsundet skole (fleirbrukshuset). Kyrkjeverje sjekker om denne er ledig.

Vedtak frå SFR:

Møteplan: Den korrigerede møteplana vert godkjent som framlagd.

Lokasjon for møter: Det settes møte i SFR til Julsundet skole den 14. mai.

SFR 05/2019: Tur til Moldova

Svein har tredd inn lag med Peder i turkomité for å arrangere tur til Moldova. Dei har laga eit infoskriv omkring turen, og at turtilbodet først og fremst skal gå til soknerådsmedlemmar og stab. Turen må betalast sjølv av kvar einskild. Sjå vedlegg.

Innstilling frå AU:

Infobrevet omkring turen blir lagt fram til SFR for kommentarar og med innstilling om å godkjenne dette.

Vedtak frå SFR:

Da ingen i sokne- og fellesrådet ønskjer å nytte seg av turtilbodet, sendast tilbodet vidare til kyrkjelyden.

SFR 06/2019: Revidering av utleigeprisar for KLH

Kyrkjeverje har sett opp oversikt for utleigesatsar for Kyrkjelydshuset som sist var vedtatt i 2012. Satsane blir ikkje endra, men det supplerast med timesatsar ved behov for kortare leige.

Sjå vedlegg.

Det er ønskeleg at undervisningsrommet/møterommet i hovudsak ikkje leiges/lånes ut, og at kyrkjeverje tek ut denne frå prislista for utleige. Dette har bl.a. med omsyn til bruken av elektronisk utstyr og tilgang til andre kontor.

Når det gjeldar vederlagsfri utleige til kor/lag/foreiningar, har desse som er tilknytt kyrkja og som bidreg i misjonssamanheng fri leige, samt også for soknerådsmedlemmar og stab. Elles må det som tidlegare utøvast skjøn.

Innstilling frå AU:

Den nye prislista blir lagt fram for SFR til med innstilling om å vedta leigesatsar som sist vedteke i 2012 med tillegg av føreslått timesatsar, og at undervisningsrommet/møterommet i hovudsak ikkje leigast ut.

Forslag frå SFR

Dei nye reviderte leigesatsane blir vedteke under føresetnad av at leigesats vedr heile huset takast ut.

Vedtak frå SFR:

Dei nye reviderte leigesatsane blir vedteke under føresetnad av at leigesats vedr heile huset takast ut.

SFR 07/2019: Konsertar i kyrkja

Det er framsett tankar omkring kvifor SFR må godkjenne og vedta kva for konsertar som skal kunne arrangerast i kyrkja når vi likevel har eit Musikkutval. Det kan særskild nemnast Allehelgenskonserten som eit døme på at konsert blir godt håndtert av Musikkutval og kantor.

Innstilling frå AU:

Musikkutvalet bør få delegert mynde til å kunne avgjere kva for konsertar som skal arrangerast i kyrkja, og at utvalet kun orienterar til SFR i etterkant av denne avgjersla. Kantor og sokneprest bør vere faste medlemmar av Musikkutvalet.

Forslag frå SFR:

Supplement til AU si innstilling: Økonomisk sikkerheit bør avklarast med SFR før ein avtale vert inngått.

Når ein artist sjølv ønskjer å arrangere i kyrkja, så skal SFR godkjenne dette.

Forslaget falt med 4 mot 5 stemmer.

Som innstillinga i frå AU

Forslag om å utsette saka til neste SFR møte.

Utsettelsesforslaget falt.

Vedtak frå SFR:

Det vedtakast at Musikkutvalet bør få delegert mynde til å kunne avgjere kva for konsertar som skal arrangerast i kyrkja, og at utvalet kun orienterar til SFR i etterkant av denne avgjersla. Kantor og sokneprest bør vere faste medlemmar av Musikkutvalet. Økonomisk sikkerheit bør avklarast med SFR før ein avtale vert inngått.

SFR 08/2019: Konfirmantweekend på Bjørnsund

Evy Marie er som kjent sjukmeldt, og er ikkje attende i jobb før tidlegast mai/juni. Kristian prest treng ein person til å hjelpe seg på konfirmantweekend på Bjørnsund 29. – 31. mars.

Sidan vi ikkje har greidd å skaffe nokon vikar for Evy Marie, så har vi litt meir økonomiske midlar tilgjengeleg for trusopplæringsavdelinga for om mogleg bruka til å hyre inn ein ekstern medhjelpar som har fagleg bakgrunn.

Bjørnsundsruta er til orientering konkurs, og det må også undersøkast med korleis frakte konfirmantar til Bjørnsund, og om dette også blir ein ekstrakostnad for oss.

Innstilling frå AU:

Kristian Finn Risung får løyve til å hyre inn ekstern person som fagleg medhjelpar – eller også leiar – til konfirmantweekenden, samt prøve få ein avtale om alternativ båtfrakt. Desse ekstrakostnadene kan dekkast av midlar vi har til gode i samanheng med manglande vikar for Evy Marie.

Behandling i SFR

Soknerådet tek dette til orientering.

Orienteringssaker

Nominasjonskomité

Det må innkallast til eit nominasjon i samanheng med kyrkjevalet og val av nytt sokneråd. Dei som ikkje har sagt seg villig til å stå på nominasjonsliste til neste sokneråd, utgjer nominasjonskomité. Det er no viktig at alle bidrar til å kome i kontakt med personar som er villige til å stå på nominasjonsliste for det nye soknerådet.

Vedtak frå AU:

Kyrkjeverje innkallar til møte for nominasjonskomité rett føre SFR-møte tysdag 19. mars.

Ungdomstinget 2019

Det er kome etterspørjing på om vi har ungdommar å sende til Ungdomstinget til helga 22. – 24. mars. Det var to konfirmantar som vart sende i fjor.

Vedtak frå AU: Kristian spør dei same som drog i fjor.

Prosjektstatus aut. ringeanlegg

Kyrkjeverje har, etter kommunikasjon med saksbehandlarar i Bispedøme og i Kirkerådet, utsaett fristen til den 11. mars for når det kan ventast ei avklaring på sakshandsaminga. Dette hadde samanheng med at det var vinterferie i to veker (øst-/vestland) og dei ikkje hadde fått avtalt møte med Riksantikvaren som dei sa dei måtte ha før dei kunne kome med eit vedtak.

Forlenga permisjon for Nils Lykkeslet Sæther

Administrasjonsutvalet har behandla søknad om permisjonsforlenging frå Nils Lykkeslet Sæther og godkjent denne. Permisjonen vert forlenga til og med 31. september 2019. Geir Ove Tangen har samstundes akseptert og fått forlenga sitt vikariat fram til same tidspunkt.

Eventuelsak(er)

SFR 09/2019 Sak vedr klesinnsamling Moldova

Svein Løwe orienterte om arbeid og prosess med klede- og utstyrsinnsamling som skal sendast til Moldova. Prosjekt Skolesekk. Aksjon rundt skoleslutt. Oppfordring til å gje ein gåve på kr 250.

Lage ein julehelsing til barna i Cantemir. Dette må vere klart innan oktober.

Lage/skaffe info om dette og invitere kyrkjelyden til å bidra.

Forslag om leveringsdagar, måndag og tysdag.

Behandling i SFR

Soknerådet synes dette er eit flott tiltak, og tek dette til orientering

SFR 10/2019 Førespurnad frå Sandøy om bytte tidspunkt for gudstenesta 1. pinsedag

Aukra kyrkje har tidspunkt kl 11 og Sandøy kyrkje kl 15.30, og Sandøy ønskjer flytte til Harøy kyrkje og endre tidspunkt til kl 11. Dette kjem i konflikt med Aukra kyrkje mht kontor og eventuelt sokneprest. Kan dei bytte om slik at Aukra kyrkje har seinare på denne dagen?

Vedtak frå SFR:

Det vedtakast at Aukra kyrkje kan byte tidspunkt for gudstenesta med Sandøy/Harøy.

Frank H. Vestad (sign.)
Kyrkjevevje